



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
34/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	02.05.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjertrud Karevoll	FE - 141	14/1401

ORIENTERING - OPPSUMMERING OG BEARBEIDD VERDIGRUNNLAG

Vedlegg:

Presentasjon om Samfunnsdelen FPØ 2.mai 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Planutvalet sluttar seg til utkast til verdigrunnlag og målformuleringar som grunnlag for vidare arbeid med samfunnsdelen av kommuneplanen.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 34/2016

FPØ - Behandling:

Kommuneplanleggjar orienterte.

Tillegg til rådmannen sitt framlegg til vedtak: ... og ber om at dei signal som formannskapet har gitt under presentasjonen blir innarbeidd.

Samrøystes vedtak.

FPØ - Vedtak:

Planutvalet sluttar seg til utkast til verdigrunnlag og målformuleringar som grunnlag for vidare arbeid med samfunnsdelen av kommuneplanen og ber om at dei signal som formannskapet har gitt under presentasjonen blir innarbeidd.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

25. januar var det «idedugnad» i kommunestyret for å utarbeide verdigrunnlag og målsettingar for samfunnsdelen til kommuneplanen. Dette arbeidet har no vore bearbeidd og strukturert. I idèdugnaden vart det arbeidd fram fire verdier, samt målformuleringar til dette.

Verdiane vart sett til *open, samhald, å høyre til og nyskapande*.

Administrasjonen har saman med ordførar samanfatta resultatata frå dugnadsarbeidet. Dette vert no presentert som forslag til verdigrunnlag og målformuleringar. I tillegg til arbeidet frå dugnaden er følgjande vektlagt inn i forslaget:

- a. Tilsvarande «verdidugnad» i ungdomsrådet er gjennomført i november 2015
- b. Kommunen sine fire hovudfunksjonar som *tenesteytar*, *samfunnsutviklar*, *myndigheitsutøvar* og *demokratisk arena*.
- c. Kommuneplanen/kommunedelplanar som overordna planar. Andre planar skal forankrast i desse.
- d. Nasjonale- og regionale planar

Dette inneber at verdigrunnlaget og målstrukturen skal balansere dette, og samtidig ta utgangspunkt i dei utfordringane kommunen står ovanfor dei komande tiåra. Verdigrunnlaget skal både seia noko om kva som er viktig og peike ei retning for kommunen.

I utkast er verdigrunnlaget utmeisla og spissa, og formuleringar som vert sakna her er tatt inn i hovudmål eller delmål. I vedlagt presentasjon er forslag til hovudmålsettingar, delmål og mogelege strategiar presentert med større detaljering.

Bynært bygdeliv

Nyskapande

Open

Samhald
(Trygg?)

Framlegget til verdigrunnlag og målformuleringar er eit utkast for eit rammeverk for vidare konkretisering og grunnlag for samfunnsdelen til kommuneplanen.